

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 04.09.2006 **Tid:** 15.00 – 17.00 og 19.00 – 20.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte alle

Andre som var til stade på møtet:

Admsjef Tone Ramsli.

Personalsjefen møtte under delar av skriv og meldingar.

Kommunekasserar møtte under skriv og meldingar og sak 23/06

Merknader:

Det var ikkje tid til å handsama varsla tilleggssak. Den vert handsama i neste møte.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 12. september 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

Det vart varsla ei ekstrasak, som utvalet aksepterte å handsama dersom det vart tid til det.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Jon Magne Bogevik er medlem i eldrerådet. På møtet i eldrerådet i forrige veke vart det stilt spørsmål om det var planar om noko ombygging ved sjukeheimen.

Administrasjonssjefen orienterte om at det var diskusjonar om å gjera noko med inngangspartiet på oppsida, særleg for å få etablert ein ekspedisjon ved inngangspartiet.

Tiltaket er ikkje budsjettert eller sett inn i økonomiplanen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Personalsjefen la fram eit notat med problemstillingar vedkomande avlønning av fagpersonell med tilleggsutdanning. Spørsmålet vert reist i tilknytning til særlege lønstestingar med fagforbundet. Dette tema er ikkje omfatta av lønspolitisk plan. Utvalet drøfta spørsmålet, og det vart gitt tilbakemelding om at planen i denne omgang ikkje vert endra.

Det vart gitt kort informasjon om

- Skatteinngang
- Konsejonskraft
- Straumkjøp

Ordførar viste til motteke høyringsdokument om valordning m.m. Det vart bestemt at kommunen ikkje prioriterer å gje uttale i denne saka.

Ordføraren orienterte om at det kjem skriv med status for Ytre Tysse

Oppseiing av leigeavtale Frøland skule.

Melding om delegert vedtak sak 15/06 om vegrett over kommunal eigedom.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0022/06	05/00082	ENDRING AV RENOVASJONSFORSKRIFTENE I BIR-KOMMUNANE.
0023/06	06/00193	RV 48 -FORSKOTTERING AV UTGIFTER
0024/06	06/00275	SAL AV TOMTAR I BYGGJEFELT I ROLVSVÅG
0025/06	06/00383	NYTT LÅSSYSTEM - KOMMUNALE BYGG.
0026/06	06/00387	VEDLIKEHALD AV GRASBANA - IDRETTSPLASSEN.
0027/06	06/00380	Unnateke off. innsyn §6 TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - UTB. AV MINIKRAFTVERK I MASSINGAELVA I DYRHVDEN.
0028/06	06/00388	Unnateke off. innsyn §6 KLAGE PÅ SØKNAD OM UTBETRINGSKOT
0029/06	06/00370	Unnateke off. innsyn §6 SAL AV KONSESJONSKRAFT - VAL AV SAMARBEIDSPART

0022/06

ENDRING AV RENOVASJONSFORSKRIFTENE I BIR-KOMMUNANE.

Framlegg til vedtak::

Forskrift for håndtering av husholdningsavfall m.v. som vedteke av styret i BIR Privat 16.02.2006, vert vedteke som ny forskrift.

Forskrift trer i kraft ved kunngjering på Lovdata og i kunngjeringsannonsar.

Samnanger kommune vil gjera merksam på at det er kome inn to nr. 3 i § 9.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Forskrift for håndtering av husholdningsavfall m.v. som vedteke av styret i BIR Privat 16.02.2006, vert vedteke som ny forskrift.

Forskrift trer i kraft ved kunngjering på Lovdata og i kunngjeringsannonsar.

Samnanger kommune vil gjera merksam på at det er kome inn to nr. 3 i § 9.

0023/06

RV 48 -FORSKOTTERING AV UTGIFTER

Handsaming i møte:

Brigt Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune går sterkt inn for at tunnel bak Ytre Tysse vert realisert straks Hellandstunnelen på Rv 48 er ferdig.

Kommunen vil samarbeida med m.a. Fusa og Kvinnherad kommunar for å leggja press på vegmyndigheiter slik at tiltaket kjem på byggeplanane.

Samnanger ynskjer likevel ikkje å vera med å forskottera byggjekostnadane då det er ei rein statleg oppgåve å byggja riksveganlegg, og Samnanger er ikkje i økonomisk posisjon til å nytta midlar til slike investeringar.

Ordførar sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune stiller kr 5 mill. til disposisjon til forskottering "Rv 48: Tunnel bak Ytre Tysse".

Kommunen tek opp lån der midlar frå næringsfondet vert nytta til å betala renteutgiftene.

Vegnemnda føl opp saka vidare i høve til framdrift og status i NTP (nasjonal transportplan) og til mogelege forskotterings-samarbeidspartar.

4 røysta for framlegget frå Brigte Olav Gåsdal og 1 for framlegget frå ordføraren.

Saka vert sendt til kommunestyret til endeleg handsaming.

Vedtak:

Samnanger kommune går sterkt inn for at tunnel bak Ytre Tysse vert realisert straks Hellandstunnelen på Rv 48 er ferdig.

Kommunen vil samarbeida med m.a. Fusa og Kvinnherad kommunar for å leggja press på vegmyndigheiter slik at tiltaket kjem på byggeplanane.

Samnanger ynskjer likevel ikkje å vera med å forskottera byggjekostnadane då det er ei rein statleg oppgåve å byggja riksveganlegg, og Samnanger er ikkje i økonomisk posisjon til å nytta midlar til slike investeringar.

0024/06

SAL AV TOMTAR I BYGGJEFELT I ROLVSVÅG**Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram utan tilråding

Handsaming i møte:

Utvalet ønskjer ikkje no å inngå avtale om utbygging av feltet som omsøkt. Søkjaren får tilbod om å kjøpa ei tomt i feltet.

Vedtak:

Utvalet ønskjer ikkje no å inngå avtale om utbygging av feltet som omsøkt. Søkjaren får tilbod om å kjøpa ei tomt i feltet.

0025/06

NYTT LÅSSYSTEM - KOMMUNALE BYGG.**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune går over til nytt låsesystem; "Kliq-lås" frå Trioving. Første steg vert å skifte lås i ytterdørrar på skulane, Helsetunet og kommunehuset og investere i programvara til ein **total kostnad på inntil kr. 165.000,- + mva.**

Låsesystemet vert finansierast med ei tilleggsøyving frå knt. 1.1200.1800.4900 på kr. 95.000 til bygningsavdelinga sitt budsjett for Gjerde skule, Helsetunet og Kommunehuset. Innføringa av Kliqlås til ein kostnad på kr. 70.000 på Samnanger ungdomsskule og Nordbygda skule går inn i pågåande prosjekt med å ruste opp og vedlikehalde desse bygga. Teknisk eining arbeidar inn vidare utbygginga av låsesystemet i framtidige budsjett.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune går over til nytt låsesystem; ”Kliq-lås” frå Trioiving. Første steg vert å skifte lås i ytterdørar på skulane, Helsetunet og kommunehuset og investere i programvara til ein **total kostnad på inntil kr. 165.000,- + mva.**

Låsesystemet vert finansierast med ei tilleggsløyving frå knt. 1.1200.1800.4900 på kr. 95.000 til bygningsavdelinga sitt budsjett for Gjerde skule, Helsetunet og Kommunehuset. Innføringa av Kliq-lås til ein kostnad på kr. 70.000 på Samnanger ungdomsskule og Nordbygda skule går inn i pågåande prosjekt med å ruste opp og vedlikehalde desse bygga. Teknisk eining arbeidar inn vidare utbygginga av låsesystemet i framtidige budsjett.

0026/06

VEDLIKEHALD AV GRASBANA - IDRETTSPLASSEN.**Framlegg til vedtak::**

Det skal utarbeidast ein plan for vedlikehald av idrettsanlegget i Hagabotnane som m.a. inkluderar lufting av grasbanen i faste intervall. Holpipelufting av banen vert forsøkt innarbeidd i budsjettet for neste år.

Handsaming i møte:

Ordføraren sette fram framlegg om å ta ut ordet **forsøkt** i siste setning.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak med endringa frå ordføraren.

Vedtak:

Det skal utarbeidast ein plan for vedlikehald av idrettsanlegget i Hagabotnane som m.a. inkluderar lufting av grasbanen i faste intervall. Holpipelufting av banen vert innarbeidd i budsjettet for neste år.

0027/06

Unnateke off. innsyn §6**TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - UTB. AV MINIKRAFTVERK I MASSINGAELVA I DYRHVDEN.****Framlegg til vedtak::**

Søknaden om tilskot til minikraftverk i Massingaelva i Dyrhovden vert ikkje imøtekomen.

Grunngjevinga for dette er at det ikkje er knytt arbeidsplassar til tiltaket samt at prosjektet har svært god inntening.

Handsaming i møte:

Helge Reistad sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr 30.000 frå næringsfondet til bygging av minikraftverk i Massingaelva.

4 røysta for framlegget frå Helge Reistad og 1 for framlegget til vedtak.

Vedtak:

Det vert løyvd kr 30.000 frå næringsfondet til bygging av minikraftverk i Massingeelva.

0028/06 **Unnateke off. innsyn §6**
KLAGE PÅ SØKNAD OM UTBETRINGSSTILSKOT

Handsaming i møte:

Utvalet var samd i at klagen ikkje vert imøtekomen. Grunngevinga for dette er at søker har eigne midlar.

Vedtak:

Klage på avslag om utbetringstilskot vert ikkje imøtekomen. Grunngevinga for avslaget er at klagar har eigne midlar.

0029/06 **Unnateke off. innsyn §6**
SAL AV KONSESJONSKRAFT - VAL AV SAMARBEIDSPART

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune inngår samarbeid med Ishavskraft a.s. for sal av konsesjonskraft for dei komande to åra. Administrasjonssjefen får fullmakt til å fatta avgjerd i spørsmål knytt til sal.

Handsaming i møte:

Brigt Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg:

Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) vert valgt til å stå for salet av Samnanger kommune si konsesjonskraft på om lag 22.3 Gwh pr. år.

Adm.sjefen får fullmakt til å inngå naudsynte avtalar om kontrakta si varigheit og til å ta fortløpande avgjerder om salstidspunkt m.m.

3 røysta for framlegget frå Brigte Olav Gåsdal og 2 for framlegg til vedtak.

Vedtak:

Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) vert valgt til å stå for salet av Samnanger kommune si konsesjonskraft på om lag 22.3 Gwh pr. år.

Adm.sjefen får fullmakt til å inngå naudsynte avtalar om kontrakta si varigheit og til å ta fortløpande avgjerder om salstidspunkt m.m.